



Referat Lokalt samarbeidsutval (LSU) Volda sjukehusområde
Møte nr. 1/2025 – Fredag 24. Januar 2025 – Teamsmøte

Organisasjon	Navn og stilling	Funksjon	Møtt
Helse M&R	Siv Jensen Rådgivar Klinikk Volda sjukehus	Nestleiar	X
Helse M&R	Øyvind Nytn Klinikkisjef Klinikk Volda sjukehus	Representant	X
Helse M&R	Janne Håskjold Seksjonsleiar, Klinikk for kreft og rehab.	Representant	Forfall
Helse M&R	Kari Standal Seksjonsleiar, Klinikk for psykisk helse og rus	Representant	Forfall
Helse M&R	Solrun Brenk Rønning Seksjonsleiar DPS Ambulant team	Representant	X
Hareid kommune	Ottar Røyset Kommunalsjef	Leiar	X
Herøy kommune	Gro-Anette Frøystad Voldsund Kommunalsjef	Representant	Forfall
Sande kommune	Jørn Velle Moldskred Helse- og omsorgssjef	Representant	X
Ulstein kommune	Kristin Vik Kommunalsjef	Representant	X
Vanylven kommune	Cecilie L. Oppedal Kommuneoverlege	Representant	X
Vanylven kommune Vara representant	Karoline Lundås Kommunalsjef	Vara- representant	
Volda kommune	Svein Berg-Rusten Kommunalsjef	Representant	X
Ørsta kommune	Audhild Mork Kommunalsjef	Representant	X
Fastlege/ Praksis- konsulentordninga	Håvard Ramsli, fastlege Herøy og Praksiskonsulent (HMR)	Representant	X
Fastlege/ Praksis- konsulentordninga vara	Stian Endresen, fastlege Ulstein og Praksiskonsulent (HMR)	Vara- representant	
Brukarrepresentant kommune	Eilin Reinaas Norges Handikapforbund (NHF)	Representant	X
Brukarrepresentant HMR	Janne Remøy Endresen SAFO/NFU	Representant	X
Brukarrepresentant kommune vara	Lisbet B Myklebust	Vara- representant	
Brukarrepresentant HMR vara	Lisbeth Svendsen	Vara- representant	
Sekretariat kommunar Søre Sunnmøre	Oddvar Marøy Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre	Sekretariat	X
Sekretariat HMR	Marita Øye Rådgjevar, Lærings-og meistringssenteret	Sekretariat	X

Utvalg	Lokalt samarbeidsutval Volda
Møtenummer	1 / 2025
Dato og stad	24.01.2025 Teams
Tidspunkt	12:30 – 13:30
Møteleiar	Ottar Røyset
Referent	Marita Øye

Saksliste:

Saksnr.	Emne
1/25	<p>Velkomen til teamsmøte LSU Volda</p> <ul style="list-style-type: none"> - Innkalling godkjent.
2/25	<p>Konstituering av LSU</p> <p>Leiar og nestleiar veljast for 4 år, men har brukt å bytte rolle etter 2 år, jf. Samarbeidsavtalen pkt 5.3.2 c) og d)</p> <p>Kommunane har hatt leiarvervet siste 2 åra.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ottar Røyset har vore leiar siste 2 åra med Siv Jensen som nestleiar. Avtroppande leiar takkar for sine 2 år som leiar i LSU, og LSU takkar han for innsatsen som leiar. <p>Lokalt samarbeidsutval for komande periode:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ny leiar for komande periode for lokalt samarbeidsutval blir Siv Jensen som representant frå helseføretaket. • Nestleiar for komande periode for lokalt samarbeidsutval Volda blir Jørn Velle Moldskred som representant for sjustjerner kommunene. • Øyvind Nyttun blir vararepresentant for Siv Jensen. • Leiar for sjustjernenettverket er vararepresentant til Jørn Velle Molskred. • Brukarrepresentant frå kommunene og helseføretaket blir endeleg avklart neste veke. Mulig nye vararepresentantar. • Sekreteriat fortsetter som før. <p><i>Vedtak:</i></p> <p>Konstituering av LSU godkjent som skissert over.</p>
3/25	<p>Årsrapport 2024</p> <p>Det var på førehand sendt ut utkast til årsrapport og enighet i utvalet om å ta med følgjande punkter i årsrapporten. Lenke til årsrapport : Årsrapport LSU Volda 2024.docx</p> <p><u>Dei 3 viktigaste arbeidsområda/sakene som utvalet har jobba med i 2024:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Meldingsflyt/avviksregistrering/forbetningsarbeid etterfulgt av dialogmøter. 2. Gjensidig formidling av aktivitet og utvikling av tenestene på begge helsenivåa, kriterium for behandling og tenestetilbod. 3. Kva konsekvensar innføring av Helseplattformen har hatt for samarbeidet mellom helsenivåa <p><u>Dei 3 viktigaste resultatane frå 2024:</u></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Meldingsflyt/avviksregistrering/forbetningsarbeid etterfulgt av dialogmøter.

	<p>2. Samarbeid om sjukepleierutdanning i ved HiVolda. 3. Oppfølging innføringsprosjekt Digital heimeoppfølging «DHO».</p> <p><u>Oppgåver som er starta i 2024 og som skal vidareførast i 2025:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Fast tilbod om dialogmøter mellom enkeltkommunar og klinikk Volda for drøfting av meldingsflyt og oppfølging av registrerte avvik. • Vurdering av moglege felles samarbeidsprosjekt med tanke på søknad om samhandlingstilskot i 2025. <p><i>Vedtak: Årsrapport 2024 sendast helsefelleskapet med dei prioriteringane som er vist til over.</i></p>
4/25	<p>Møteplan 2025 Det er utarbeida forslag for møteplan i 2025 med utgangspunkt i når møtedatoer er satt i SSU, Partnarskapet og sjustjernekommuene.</p> <p>Det er ønskelig frå kommunene å beholde fredagar som fortsatt møtedag. Ein vil forsøke å imøtekomme dette frå helseføretaket si side. Det blir også diskutert muligheit for digital deltaking. Det kan vere utfordringar høve digitale muligheiter i nokre lokaler for å digital deltaking. Fysisk oppmøte er ein verdi i seg sjølv. Ein bør prøve å etterstrebe fysisk oppmøte som sist periode.</p> <p>Møteplan 2025: 21.02.25 i Ulstein kommune 23.05.25 ved Volda sjukehus 26.09.25 felles LSU møte med Ålesund 28.11.25 LSU kjem tilbake til møtestad</p> <p><i>Vedtak: Møteplan godkjent etter justeringer skissert over.</i></p>